
Saksnr: 2026/25321-6
Saksbehandlar: Bjørnar Tjøflot

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		15.06.2026

Høyringsssvar til konsesjonssøknad for Låvi kraftverk

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positiv til at det vert gjeve konsesjon til Låvi kraftverk i Aurland kommune. Kraftverket vil gi eit vesentleg bidrag til effektbalansen og forsyningstryggleiken i det norske kraftsystemet, og er i tråd med regionale mål om grøn omstilling og auka produksjon av fornybar energi. Fylkeskommunen føreset at konsesjon vert gjeven med vilkår som sikrar forsvarleg ivaretaking av natur, kulturmiljø, vassmiljø og villrein.
2. Vestland fylkeskommune understrekar behov for oppfølging etter kulturminnelova:
 - Undersøkingssplikt jf. kulturminnelova § 9 må oppfyllest i god tid før ferdigstilling av detaljplan.
 - Automatisk freda kulturminne, herunder kulturminne som vert direkte råka av tiltaket jf. kulturminnelova § 8 første ledd, må avklarast i god tid før anleggsstart.
3. Vestland fylkeskommune ber om at intensjonen om å unngå eller minimere inngrep i eksisterande kulturlandskapstrekk vert følgd opp, og at naudsynt restaurering vert gjennomført etter anleggsperioden.
4. Vestland fylkeskommune ber NVE setje vilkår om at bruk av fylkesveggar må vere i tråd med veglova. Utbyggjar må søkje om nye løyver etter veglova der det er naudsynt.
5. Vestland fylkeskommune meiner NVE må stille vilkår om at badeplassen reetablerast ved Vassøyna, viss fylling øydelegg moglegheitene for bading som er i dag.

Samandrag

Saka gjeld søknaden om konsesjon til bygging av Låvi kraftverk i Aurland kommune. Fylkesutvalet handsamar saka for å gi Vestland fylkeskommune sitt syn på tiltaket. Vedtaket byggjer på ei vurdering av verknader for regionale interesser. Vedtaket, saman med dette saksframlegget, vert sendt til NVE som høyringsssvar i høyringa av søknaden. Høyringsfristen i saka er 01.07.26.

Gunn Claire Westad
settefylkesdirektørBård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


Hafslund Kraft AS har sendt inn søknad om konsesjon for bygging av Låvi kraftverk i Aurland kommune. Tiltaket er definert som eit opprustings- og utvidingsprosjekt innanfor eksisterande reguleringsystem i Aurlandsvassdraget, og søknaden omfattar løyve etter vassdragsreguleringslova, energilova og oreigningslova.

Saka er sendt på høyring av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Vestland fylkeskommune gir i denne saka fråsegn som regional styresmakt, mellom anna for kulturmiljø, samferdsel og regionale samfunnsinteresser. Saka vert lagt fram for fylkesutvalet for politisk handsaming, før vedtaket og saksframlegget vert sendt til NVE som høyringssvar.




Figur 1: Oversiktskart som viser kvar nedslagsfeltet til Aurlandsvassdraget ligg. Kjelde: konsesjonssøknaden

Låvi kraftverk er planlagt med inntak i Viddalsvatn og utløp i Aurlandsfjorden, og vil utnytte det same fallet som dagens Aurland 1 og Aurland 4 (Vangen) kraftverk. Prosjektet omfattar bygging av ny vassveg i tunnel på om lag 11 km og kraftstasjon med to peltonaggregat, med samla installert effekt på om lag 610 MW. Kraftverket er planlagt kopla til eksisterande nett via kabeltunnel til Aurland 1 koplingsstasjon. Tiltaket inneber ikkje nye reguleringar eller overføringar, og det skal ikkje etablerast nye reguleringsmagasin.



Figur 2: Oversiktskart som viser dei omsøkte tiltaka med blå og svarte strekar. Kjelde: Konsesjonssøknaden.



Figur 3: Oversiktskart som viser eksisterande reguleringar i Aurland. Kjelde: konsesjonssøknaden.

Føremålet med prosjektet er å styrkje effektbalansen i kraftsystemet, særleg i periodar med høg belastning, og å leggje til rette for betre integrering av uregulerbar fornybar kraft som vind og sol. Samstundes vil prosjektet kunne levere systemtenester som bidreg til stabil drift av kraftsystemet. Årleg auka energiproduksjon er estimert til om lag 50 GWh.

Utbygginga vil medføre betydeleg anleggsaktivitet, inkludert tunnelarbeid, etablering av store massedeponi og riggområde, samt bruk av både eksisterande og nye avkøyrslar frå fylkesveg 50. Store delar av anleggsverksemda er planlagt lagt til område som allereie er påverka av tidlegare tiltak, men prosjektet vil òg gi nye og varige inngrep i landskap, natur- og kulturmiljø, særleg knytt til permanente massedeponi ved Låvi og i Vassbygdi (sjå figur 4 og 5).

Tiltaket ligg i eit område med store landskaps- og kulturmiljøverdiar, mellom anna i randsona til Aurlandsdalen kulturhistoriske landskap (KULA) og nær verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Dette gjer at saka reiser viktige avvegingar mellom nasjonale energiomsyn og regionale og lokale miljø- og samfunnsinteresser.



Figur 4: Deponi ved Låvi illustrert med grå farge. Kjelde: Konsesjonssøknaden.



Figur 5: Deponi ved Vassbygdatnet. Her er det òg illustrert utfylling i Vassbygdatnet for å kome til ny tunnel. Kjelde: Konsesjonssøknaden.

Vedtakskompetanse

Jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkesutvalet kap. 7.
Høringsuttale og kap. 22. Energilova.

Høyringsfristen i denne saka var så kort at det ikkje lét seg gjere å leggja saka fram for både hovudutval for næring og fylkesutvalet. Det er vanleg praksis at saker som gjeld energi vert handsama i begge utvala, men når fristane er knappe, vert saka lagt direkte til fylkesutvalet, som har vedtakskompetanse og hyppigare møtefrekvens. Administrasjonen ber om utsetjing av høyringsfristar der det er naudsynt for å sikre brei politisk behandling, men slike utsetjingar vert som oftast innvilga berre ved kortare fristar. Høyringsfristen i denne saka er 01.07.26 og viss saka skulle vore handsama i hovudutval for næring før fylkesutvalet måtte saksframlegget vore ferdigskrive 14 dagar før møtet i hovudutval for næring 14.04.26.

Medverknad

Medverknadsorgana har ikkje vore involverte i saka.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Utbygging av Låvi kraftverk vil gi avgrensa og i hovudsak mellombelse administrative konsekvensar for Vestland fylkeskommune. Meirarbeid vil vere knytt til sakshandsaming og oppfølging innan kulturmiljø og vegforvaltning, mellom anna arkeologiske registreringar, eventuelle dispensasjonar etter kulturminnelova, samt handsaming av søknader om avkøyrslar, byggegrense og tiltak langs fylkesveg 50. Dette vurderast å kunne handterast innanfor eksisterande bemanning og driftsrammer.

Tiltaket medfører ikkje vesentlege auka kostnader, er ikkje lagt inn i budsjett eller økonomiplan, og krev ikkje særskild finansiering. Det gir heller ikkje grunnlag for reduserte kostnader eller endra arbeidsprosessar. Prosjektet kan samstundes bidra til inntekter frå naturressursskatt til fylkeskommunen, men denne inngår i inntektsutjamninga og gir ikkje nødvendigvis ein varig netto inntektsauke. Samla sett vurderast dei administrative og økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen som små og avgrensa til ordinær forvaltningsoppfølging.

Fisk, vilt (utanom villrein) og vassmiljø:

Konsekvensutgreiinga er avgrensa til den anadrome delen av Aurlandsvassdraget, og det ligg ikkje føre eigne vurderingar av ikkje-anadrome strekningar. Samstundes er det i anleggsfasen identifisert betydeleg risiko for mobilisering og transport av finsediment frå tunnelarbeid, deponi og transportveg, med potensiell påverknad på botndyr og botnsubstrat dersom finstoff når bekkar og elv. Det er lagt til grunn at slike effektar kan avgrensast gjennom avbøtande tiltak og overvaking, men dette er føresetnader knytt til gjennomføring, og det er ikkje fastsette konkrete tersklar eller effektgrenser.

Når det gjeld vassmiljø etter vassforskrifta, er vurderingane i hovudsak gjennomførte etter KU - metodikk (M-1941). Vasskjemisk påverknad i driftsfasen er vurdert som ubetydeleg, føreset at skadereduserande tiltak blir gjennomførte. Samstundes er nedslamming av botnsubstrat og hydromorfologiske effektar knytt til finstoff i anleggsfasen ikkje vurderte som del av vasskjemien, sjølv om slike effektar kan vere relevante for økologisk tilstand etter vassforskrifta. Etter fylkesdirektøren si vurdering er koplinga mellom identifisert sedimentrisiko i anleggsfasen og kravet om å hindre forringing av miljøtilstand etter vassforskrifta ikkje gjort tilstrekkeleg tydeleg.

Når det gjeld fugl og vilt, er påverknaden i driftsfasen vurdert som liten. Det er likevel i anleggsfasen at det ligg eit potensial for negativ påverknad, særleg ved støy, sprenging og auka ferdsel i hekke- og yngletid, noko som kan gi forstyrring av hekkande fugl. Fylkesdirektøren legg til grunn at dette må handterast gjennom tilpassing av anleggsaktivitet. Eksempel på dette kan vere å unngå hogst i hekke- og yngletid.

Friluftsliv og folkehelse:

Dei planlagde tiltaka vil generere store mengder tunnelmassar og massedeponia vil få konsekvensar for landskapsopplevinga. Det er likevel få direkte konflikthar med registrerte friluftsverdiar. Den einaste plassen med direkte konflikt er i strandsona ved austenden av Vassbygdevatnet. Her vil utfylling i vatnet få konsekvensar for det kartlagde friluftsområdet Vassøyna, som i planskilddinga vert omtalt som ein badeplass. Dette er vurdert som eit viktig friluftsområde, som i følgje kartlegginga er brukt både av lokale og turistar. Eit mogleg kompenserande tiltak vil vere å etablere ein ny badeplass på utsida av fylling. Sett i lys av prosjektets totale omfang, meiner vi det vil vere rimeleg å stille vilkår om at badeplassen reetablerast.

Infrastruktur og veg:

Infrastruktur og veg sine interesser knyt seg primært til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Avkøyrslar

Om tiltak krev at det vert etablert nye avkøyrslar og/eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar til fylkesvegane, skal dette søkast om til Vestland fylkeskommune eller kommunane (i tilfella dei vert etablert innanfor regulerte områder).

Utbygginga av Låvi kraftverk vil krevje etablering av nye avkøyrslar frå fylkesveg 50. Dette gjeld mellom anna ny avkøyrslar ved Aurland I (vegreferanse FV50 S8D1 m2381). Ut frå søknaden les vi at det skal etablerast ny tilkomsttunnel frå Vassbygdi bort til Aurland I. Det vil krevje ny avkøyrslar frå fv. 50 (vegreferanse FV50 S8D1 m3622).

Vidare skal det nyttast ein del eksisterande avkøyrslar frå fylkesveg 50. I desse tilfella må det søkjast om utvida eller endra bruk av eksisterande avkøyrslar. Ved Grimsete (FV50 S7D1 m6586) skal eksisterande anleggsveg nyttast. Her må det søkjast om utvida bruk etter veglova. Det er viktig at massar frå transporten og avkøyrslar ikkje hamnar i fylkesvegen.

Det skal etablerast ein del riggplassar og massedeponi. Det må sytast for at desse staden òg har lovleg tilkomst. Til dømes må det søkjast om endra/utvida bruk av avkøyrslar ved Holeteigen i Vassbygda, vegreferanse FV50 S8D1 m4351.

Avkøyrslene må utformast i tråd med handbøkene, og vi føreset at tal påkoplingspunkt til fylkesvegen vert halde til eit minimum.

Dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg

Vi syner til den generelle byggegrensa langs fylkesveg som er heimla i veglova. Ved tiltak innanfor byggegrensa langs fylkesveg 50, må det søkjast om dispensasjon frå byggegrensa jamfør veglova. Dette gjeld etablering av massedeponi, parkeringsplassar, anlegg, brakkerigg med meir. Om ikkje anna er sett i gjeldande arealplan, gjeld byggegrensa på 50 meter frå senterlina til fylkesvegen.

Rasvollar

Det vert nemnt i søknaden at det kan bli aktuelt å etablere rasvoll langs fylkesveg 50 ved Vassbygdivatnet. Før dette vert aktuelt, må det opprettast kontakt med Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg.

Graveløyve

Med heimel i veglova § 32, skal det ikkje førast kablar, leidningar eller anna utstyr over, under, langs eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak skal i kvart tilfelle sendast til Vestland fylkeskommune.

Arbeidsvarsling

Før det vert sett i gang arbeid på/ved fylkesvegen, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Arbeidsvarslingsplanen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Klima:

Søknaden om Låvi kraftverk er relevant opp mot måla i Regional plan for klima 2022-2035. Tiltaket bidreg positivt til målet om netto nullutslepp i Vestland innan 2030 ved å styrkje produksjonen av regulerbar, fornybar energi og slik leggje til rette for elektrifisering og utfasing av fossile energibærarar i fleire sektorar. Men anleggsfasen vil gi mellombelse utslepp knytt til transport og massahandtering.

Tiltaket medfører inngrep i natur og areal, særleg gjennom permanente massedeponi, noko som inneber ein klimarelevant målkonflikt knytt til arealbruk, naturmangfald og karbonbinding i landskapet. Når det gjeld klimatilpassing og robustheit, kan auka effektkapasitet i kraftsystemet bidra til betre handtering av framtidige energibehov og større vêrvariasjonar. Prosjektet må utformast og drivast slik at det toler meir ekstremnedbør og flaum.

Låvi kraftverk støttar den grøne omstillinga av næringslivet ved å sikre tilgang på stabil fornybar kraft, som er ein føresetnad for grøn verdiskaping og nye arbeidsplassar. Samstundes er det viktig å sikre ei rettferdig fordeling av fordelar og ulemper, då klima- og energigevinsten er i stor grad

regional og nasjonal, medan natur- og landskapsbelastningane i hovudsak er lokale. Dette tilseier at sterke avbøtande tiltak og lokal medverknad er sentralt i vidare oppfølging av prosjektet.

Kraftsystem:

Aurlandsanlegga har sidan oppstart vore ein sentral bidragsytar i balanseringa av det norske kraftnettet, og Låvi kraftverk vil styrkje denne rolla ytterlegare. Regional plan for fornybar energi understrekar at god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er ein føresetnad for verdiskaping i Vestland, og at det er avgjerande å få regulerbare og ikkje-regulerbare kjelder til å spele på lag. Låvi kraftverk, med 610 MW installert effekt og inntak i Viddalsvatn-magasinet på nærare 200 mill. m³, vil gi eit betydeleg effektbidrag i kraftsystemet, særleg i periodar med høg etterspurnad og låg produksjon frå uregulerbare kjelder. Auka effekt i kraftverket vil bidra til å dempe pristoppar i straumpris i prisområdet. Tiltakshavar vurderer prosjektet som naudsynt for å sikre effektbalanse i Noreg fram mot 2040.

Storleiken på magasinet gjer det mogleg å produsere for fullt i både Aurland 1 og Låvi kraftverk samstundes, utan endringar i gjeldande reguleringsregime. Kraftverket er dimensjonert for raske produksjonsendringar og vil vere godt eigna til å delta i Statnett sine marknader for systemtenester. Dette er eigenskapar som vil auke i verdi etter kvart som del av uregulerbar kraft i systemet veks.

Nettilknyttinga er planlagt ved Aurland 1 koplingsstasjon, som etter Statnett si oppgradering i 2028 vil vere eit av dei mest sentrale tilknytningstpunktta i transmisjonsnettet. Regional plan for fornybar energi legg til grunn at sentralnettet i Vestland skal vere spenningsoppgradert til 420 kV, og peikar mellom anna på ferdigstilling av spenningsoppgraderinga av sambandet Sauda-Samnanger som eit sentralt tiltak. Statnett har stadfesta reservasjon av kapasitet for tilknytting i 2032, knytt til denne oppgraderinga. Parallell drift med Aurland 1 vil òg gjere det mogleg å gjennomføre nødvendig vedlikehald utan å stoppa produksjonen frå Viddalsvatn-magasinet, noko som aukar den samla forsyningstryggleiken i anlegget. Fylkesdirektøren vurderer den kraftsystemmessige verdien av Låvi kraftverk som svært stor, og at prosjektet svarar direkte på dei utfordringane knytte til effektbalanse og systemstabilitet som kraftsystemet står overfor i åra framover.

Kulturminne og kulturmiljø:

Kulturmiljøfagleg innspel

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyremakt. Fylkeskommunen har ansvar for å sikre at nasjonale og vesentleg regionale kulturmiljøinteresser vert ivarettatt i planlegginga. Det er difor viktig at tiltaka sin verknad på kulturmiljøinteressene vert avklara og vurdert tidleg. Fylkeskommunen har moglegheit til å reise motsegn til konsesjonssøknader, dersom tiltak er i konflikt med nasjonale eller vesentleg regionale kulturminne eller kulturmiljø.

Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi er registrert som eit KULA-område. Det er viktig at ein i det vidare arbeidet tek omsyn til kulturmiljø og landskapsbilete slik at dei negative verknadene av tiltaket vert redusert så langt det er mogleg.

Konsesjonssøknaden er basert på eksisterande kunnskap, og datagrunnlaget er difor mangelfullt, då det ikkje er gjennomført arkeologiske undersøkingar. Fylkesdirektøren gjer merksam på at arkeologiske registreringar som skal gjennomførast før tiltak vert sett i verk, kan avdekke nye førhistoriske lokalitetar som kan verte påverka av tiltaket.

Kulturminne og kulturmiljø i tiltaksområda - vurdering av Hafslund Kraft AS sin søknad

Konsesjonssøknaden omhandlar eit O/U-tiltak og det er difor ikkje krav om KU. Det vert vist til ei skildring av verknadar for miljø og samfunn i tråd med NVE sin rettleiar for konsesjonssøknadar for vasskraftanlegg. Det er ikkje utarbeidd eigen fagrapport for temaet kulturmiljø. Vurderingar og konsekvens for kulturmiljø i områda Onstad, Låvi, Vassbygdi og Låvisdalen er skildra i notat av Hafslund Kraft. Der har ein også gjengitt delar av Asplan Viak sin KU for Kulturmiljø i samband med detaljregulering massedisponering Låvi skytebane. Utover dette er det vurdert at påverkinga på kulturminne og kulturmiljø høyrer heime på landskapsnivå og for vurdering vert det vist til fagrapport for landskap.

Notata gjev samla sett god oversikt over kjende kulturminne og kulturmiljø i området, og fylkeskommunen meiner konsekvensane av tiltaket er vurderte på ein grundig måte. Både visuell nærverknad og fjernverknad er omtala, saman med avbøtande tiltak og omsyn i anleggsfasen. Det er positivt at prosjektet legg opp til gjenbruk av eksisterande deponiområde. Samstundes vil store mengder tunnelmassar verte plasserte i permanente massedeponi, noko som vil ha negative verknader for kulturlandskapet.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i tiltaksområdet, og vurderingane byggjer difor berre på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Datagrunnlaget er difor mangelfullt. Fylkesdirektøren vurderer at det er høgt potensial for funn av nye automatisk freda kulturminne i samband med anleggsarbeidet, særleg i områda Onstad og Låvi

Klyngetunet på Låvi og tilhøvet til kulturlandskapet

Klyngetunet på Låvi har regional kulturmiljøinteresse. Samanhengen mellom tunet, innmark og utmark utgjer eit heilskapleg miljø med stor tidsdjupne. På garden ligg den automatisk freda gravhaugen *Rundehaugen* (id. 45725), plassert på kanten av eit høgdedrag med vidt utsyn over dalen. Området har tidlegare hatt fleire slike gravhaugar, men dette er den einaste som står att.

Fylkesdirektøren vurderer at omgjevnadene rundt klyngetunet og gravhaugen er sårbare for inngrep. Låvi er av Riksantikvaren og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap registrert som eitt av tre verneverdige trehusmiljø i Aurland kommune. Låvi er òg peikt ut som eit prioritert kulturmiljø i vedtatt plan «Kulturarven kommunedelplan for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap 2024-2033».

Det planlagde deponiet vil endre omgjevnadene til eit kulturmiljø av regional verdi og kan påverke den kulturhistoriske heilskapen. Samstundes har tiltaket stor samfunnsverdi. Det er positivt at tiltakshavar legg vekt på skadereduserande og kompenserande tiltak. Ved etablering av tilkomst til deponiet er det særleg viktig å minimere inngrep i eldre ferdselsveggar, steingardar og rydningsrøyser, då desse er sentrale og berande element i kulturlandskapet.

Automatisk freda kulturminne

Det er opplyst at tiltaka ikkje kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Samstundes er datagrunnlaget mangelfullt. Ei arkeologisk registrering kan avdekkje nye førhistoriske lokalitetar som kan bli råka av tiltaket. Dersom slike funn vert gjort, kan det bli naudsynt å justere tiltaket, til dømes gjennom endring av maste- eller deponiplassering, eller å søkje dispensasjon etter kulturminnelova § 8 første ledd.

Tiltaksområdet omfattar både innmark og utmark, og det er generelt potensial for funn knytte til busetnad, jordbruk og gravlegging frå bronsealder, jernalder og mellomalder. Ved gardane Onstad og Låvi er det særleg stort potensial for førhistoriske spor, mellom anna i form av gravminne og dyrkingslag. På Onstad ligg gravhaugen *Storhaug* (id. 45726) i nærområdet til tiltaket og i tilknytning til ein driftsveg. Gravhaugen vart skadd og delvis fjerna i samband med vegarbeid på 1990-talet, og skal kartfestast på nytt i samband med den arkeologiske registreringa.

På Låvi vart det i 2020 påvist dyrkingslag frå romartid nær det planlagde deponiet. Dette indikerer eit vidare potensial for førhistorisk aktivitet i området og understrekar behovet for arkeologisk registrering før tiltak vert sett i verk.

I Terahagen, der det er planlagt mellombels riggområde, har det flate terrenget langs elva potensial for spor etter aktivitet i førhistorisk tid. Når det gjeld riggområde i Låvisdalen og langs Aurlandselvi i Vassbygdi, er dette areal som har vore nytta til anleggsområde tidlegare. Potensialet for nye funn vert difor vurdert som lågt, og det vil truleg ikkje vere behov for arkeologisk registrering i desse områda.

KULA-kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse

Aurlandsdalen frå Østerbø til Vassbygdi er registrert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Låvi kraftverk ligg ved inngangsporten til KULA-området, og det er i det vidare arbeidet viktig å ta særleg omsyn til dette. Nærøyfjorden ligg innanfor verdsarvområdet *Vestnorsk fjordlandskap*, og har i tillegg fått status som KULA-landskap. Det er viktig at ein i det vidare plan- og gjennomføringsarbeidet tek omsyn til kulturmiljø og landskapsbilete, slik at dei negative verknadene av tiltaket vert reduserte så langt det er mogleg.

Tilhøvet til marine kulturminne

Saka har vore på høyring til Bergen Sjøfartsmuseum sidan tiltaksområdet også omfattar vatn. Museet har ingen merknadar anna enn at dei gjer merksam på meldeplikta (...) *tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.*

Næringsliv og sysselsetting:

Låvi kraftverk vil i hovudsak gi positive, men avgrensa og delvis mellombelse verknader for næringsliv og sysselsetting i Aurland kommune. I anleggsfasen er det venta ein tydeleg, men tidsavgrensa sysselsettingseffekt, særleg innan bygg og anlegg, transport, overnatting og ulike servicetenester. Prosjektet legg til rette for bruk av lokale og regionale leverandørar, mellom anna innan betongleveransar, catering, brøyting, reinhald og transport, sjølv om endeleg omfang vil vere avhengig av kontraktsstrategien hjå hovudentreprenørane.

I driftsfasen vil ikkje kraftverket i seg sjølv føre til fleire faste arbeidsplassar, men søkjar peikar på at eit nytt anlegg i porteføljen vil bidra til å sikre eksisterande arbeidsplassar og gi noko auka vedlikehalds- og reinvesteringsaktivitet over tid, med tilhøyrande ringverknader. Tiltaket vil òg gi kommunen potensielle inntekter frå eigedomsskatt, men storleiken på desse er usikker og varierer svært mykje avhengig av skattefaglege vurderingar og klassifisering (mellom 5 og 183 MNOK over dei 15 fyrste åra). Samla sett vurderast verknadene for næringsliv og sysselsetting som positive, men dei inneber ikkje ei vesentleg eller varig styrking av sysselsetjinga utover dagens situasjon.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Låvi kraftverk bidreg til utviklingsplanen sine mål om velferd og verdiskaping gjennom å styrkje kraftsystemet, som er sentralt for grøn omstilling i Vestland. Dei lokale sysselsettingsverknadene er samstundes avgrensa og i hovudsak mellombelse. Tiltaket kan indirekte støtte demografi og likeverd ved å sikre energigrunnlaget for lokalsamfunn, men inngrep i landskap og kulturmiljø kan påverke lokal attraktivitet negativt. Når det gjeld klima og natur, bidreg prosjektet positivt til klimamåla, men inneber samstundes målkonfliktar knytte til naturmangfald og kulturmiljø som krev strenge avbøtande tiltak. Prosjektet illustrerer òg behovet for samarbeid mellom forvaltningsnivå og sektorar. Samla sett er søknaden i tråd med utviklingsplanen sitt ambisjonsnivå for energi og grøn omstilling, men føreset god avveging for å sikre balanse mellom miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Villrein:

Tiltak i samband med bygginga av Låvisanlegget ligg innom grensene til Regional plan for Nordfjella. Vestland fylkeskommune har såleis eit særleg omsyn knytt til både areal- og villreinforvaltning i området. Fylkesdirektøren viser difor til retningsline for Vassdrag § 2.7 i Regional plan for Nordfjella;

«I regulerte vassdrag skal regulanter og kommuner i fellesskap søke å restaurere landskapsskader og så langt mulig reetablere trekkveger for villrein. Ny kraftutbygging, utvidelse av eksisterende kraftanlegg som gir arealbeslag i viktige villreinområder og nye kraftlinjer bør unngås i planområdet. Konsekvenser for villreinstammen skal utredes i henhold til nyeste kunnskap både ved eventuelle nye reguleringer og ved vilkårsrevisjoner.»

Påverknaden på villreinen i driftsfasen er vurdert som avgrensa, men er i stor grad avhengig av om avbøtande tiltak vert gjennomførte som føresett. Ein må likevel rekne med noko negativ sumverknad også i driftsfasen, og omfanget av denne vil henge saman med korleis anleggsfasen vert gjennomført.

I anleggsfasen kan tiltaket få vesentlege konsekvensar for ei villreinstamme av nasjonal verdi. Dersom forstyringar vert for omfattande, kan dette skape eit såkalla «fryktlandskap» (*landscape of fear*), som kan føre til permanent eller langvarig fråvik frå området. Fylkesdirektøren understrekar at dei føreslåtte avbøtande tiltaka må etterlevast strengt, og at dette bør sikrast gjennom eit formalisert oppfølgingsregime. Fylkesdirektøren viser vidare til Villreinutvalet sine uttalar i saka.

I tillegg til å støtte opp om føreslegne krav om avbøtande tiltak, vil fylkesdirektøren òg trekke frem eit krav om at som del av vilkårsrevisjonen skal det verte betalt inn til eit villreinfond. Dette har allereie blitt ein utbreitt praksis i seinare konsesjons- og revisjonsprosessar.

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer at Låvi kraftverk representerer eit samfunnsmessig viktig prosjekt med stor kraftsystemmessig verdi. Med 610 MW installert effekt vil kraftverket gi eit vesentleg bidrag til effektbalansen i det norske kraftsystemet, styrkje forsyningstryggleiken og leggje til rette for integrering av meir uregulerbar fornybar energi, i tråd med måla i Regional plan for fornybar energi og Regional plan for klima.

Samstundes inneber prosjektet betydelege og varige inngrep i natur, landskap og kulturmiljø, særleg knytt til permanente massedeponi ved Låvi og i Vassbygdi. Tiltaket ligg ved inngangsporten til KULA-området Aurlandsdalen og nær verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, og kulturmiljøet på Låvi er særleg sårbart. Manglande arkeologiske registreringar, risiko for sedimentpåverknad på vassmiljø og forstyrning av fugl og villrein krev forpliktande avbøtande tiltak.

Fylkesdirektøren støttar at det kan gjevast konsesjon til Låvi kraftverk, men under føresetnad av tydelege vilkår. Desse bør mellom anna omfatte arkeologiske registreringar før anleggsstart, konkrete krav til sedimenthandtering og overvaking av vassmiljø, reetablering av badeplassen ved Vassøyna, tilpassing av anleggsaktivitet til hekke- og yngletid, formalisert oppfølgingsregime for villrein og innbetaling til villreinfond. Søknad om avkøyrslar, graveløyve og dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 50 må sendast Vestland fylkeskommune i god tid før oppstart.

Sakshandsamarar i saka:

Automatisk freda kulturmiljø - Henriette Maria Hop Wendelbo

Nyare tids kulturmiljø - Inga Petronella Lindstrøm

Villrein - Bjørn Snorre Waage

Utviklingsplan, økonomi, klima, Næring, Kraftsystem - Bjørnar Tjøflot

Infrastruktur og veg - Hildegunn Furdal

Fisk, vilt og vassmiljø - Finn Olav Myhren

Friluftsliv og folkehelse - Anders Søyland